

nve@nve.no

Dykkar ref:  
**201833013**

Dykkar dato:

Vår ref:

Arkiv:

Sakshandsamar:

B. Kapstad

Dato:

**22.05.2018**

## Framlegg til endring i forskrift om kontroll av nettverksemd (anleggsbidrag). Høyringssvar fra Sunnfjord Energi Nett.

Sunnfjord Energi Nett syner til høyringsdokument nr 6 – 2018 og har følgjande kommentarar:

Vi støttar hovudformåla med framlegga i høyringa som er:

- At nettselskapet skal gje rettare prissignal for forbruk og forsterking av nettet, på alle nettnivå.
- Ei rimelegare kostnadsfordeling mellom kundane som utløyser investeringar i nettet og andre kundar.
- Prissignal som gjæv lægre nettleige totalt sett.
- Ei tydelegare forskrift som bidreg til ei likare praksis mellom nettselskapet.

Fleire av framlegga til nye endringar er forskriftsfestiging av gjeldande praksis.

**Endring i forskrift frå «kan» til «skal» ta anleggsbidrag**  
Sunnfjord Energi støttar framlegget.

### Fjerning av botnfrådrag

Vi støttar at botnfrådraget skal fjernast.

### Fjerning av tilknytingsgebyr

Å fjerne tilknytingsgebyret vil føre til ei ytterlegare lik praktisering mellom nettselskapet, og vi støttar difor framlegget om å fjerne tilknytingsgebyret.

### Tilhøvet til reguleringsmodellen og elektrifisering

Reguleringsmodellen premierer i dag eigenfinansiering framføre kundefinansiering. Dette kan vere årsaka til at fleire selskap i dag har svært store botnfrådrag. Denne skilnaden bør fjernast ved å justere på reguleringsmodellen. Om den ikkje fjernast og det blir pålagt 100 % anleggsbidrag, kan det ligge uheldige incitament som kan bremse elektrifiseringa av samfunnet.

## Tiårsregelen

Av administrative kostnadsårsaker meiner Sunnfjord Energi at dette fortsatt skal vere ein «kan»-regel.

## Anleggsbidrag i maska nett

Sunnfjord Energi støttar at det skal kunne krevjast anleggsbidrag i maska nett. NVE ynskjer innspel på kva vi meiner er rimeleg reduksjonsfaktor. Vi meiner den kan settast til 0,3 i transmisjonsnettet og til 1 i regionalnettet- der forholdstalet mellom produksjon og forbruk er stort og det er dermed eintydig kven som har nytte av forsterkinga.

## Etterbereking av anleggsbidraget

Vi støttar at det skal kunne settast ei øvre grense på etterbereking av anleggsbidraget dersom forholda skyldast nettselskapet. Dette verkar skjerande og er meir føreseieleg. Overskridningar som skyldast kunden bør ikkje ha ei øvre grense.

## Teknisk restlevetid

Sunnfjord Energi ser det som svært viktig å bruke teknisk restlevetid ved berekning av anleggsbidraget. Mykje nett er godt vedlikehalde. Prissignalet vert alt for lågt og nettleiga vert for høg dersom ein skal legge økonomisk levetid til grunn.

## § 15-1 Energiledd for innmating

### Vekentlege berekningar av marginaltapssatsar

Vi er samd i at det er for låg tidsoppløysing i gjeldande regelverk. Sunnfjord Energi har over tid hatt månadlege punktvise berekningar for alle kraftverk uansett storleik skilt på dag og natt/helg og har god erfaring med dette. NVE føreslår vekentlege berekningar av energileddet med oppløysing på dag og natt/helg. Dette vil auke dei administrative kostnadane monaleg i høve til effekten. Sunnfjord Energi føreslår å forskriftsfeste månadlege berekningar- som vil medføre ei mykje finare tidsoppløysing med 24 tidsavsnitt pr. år kontra vinter, natt/helg og sommar. Det vil bli ein stor auke av ressursbruken til nettselskapet ved å gå i frå månadlege berekningar til vekentlege berekningar og resultata vil i dei fleste tilfelle vere tilnærma identiske.

## Overgangsordning

NVE foreslår i ny§ 16-12 ei overgangsordning for anleggsbidrag i regional- og transmisjonsnettet:

*Nettselskapet kan ikke kreve anleggsbidrag fra kunder i regional- og transmisjonsnettet når*

- a) kunden har bedt om tilknytning, økt kapasitet eller bedre kvalitet som utløser en nettinvestering før 26. mars 2018, og*
- b) både kunde og nettselskap har fått innvilget nødvendige konsesjoner, og*
- c) nettselskap og kunde har inngått bindende økonomiske avtaler med hverandre eller tredjepart før 26. mars 2018.*

Sunnfjord Energi meiner at så lenge partane før 26.mars 2018 har avtalt

- a) partane er innforstått med at moglege framtidige lov- og forskriftsendringar vedkomande tilknytingsplikt og anleggsbidrag kan føre til at begge partar økonomisk vil kunne stillast annleis enn det som følgjer av avtalen og,
- b) det er avtalt oppdatering av anleggsbidraget før investeringsavgjerd, og
- c) ingen av partane har teke investeringsavgjerd

så skal det kunne krevjast anleggsbidrag før 26.mars frå kundar i regional- og transmisjonsnettet.

#### Betaling for nettutgreiingar

NVE føreslår å kunne ta betalt for innleiande nettutgreiingar avhengig av kor avklart prosjektet er i forkant og at det skal takast betalt for vidare nettutgreiingar og utarbeiding av konsesjonssøknad. Vi støttar forslaget.

#### Kraftverk under 1 MW

I dagens regelverk er avrekningsgrunnlaget for kraftverk installert effekt\*30 %\*5000 t. Dette gjev eit lægre avrekningsgrunnlag enn deira forventa årsproduksjon. Fastleddet bør fastleggast på grunnlag av faktisk innmating slik at alle produsentar vert likehandsama uavhengig av produksjonsteknologi og brukstid. Vi støttar difor NVE sitt framlegg.

#### Tidspunkt for iverksetting

Vi støttar NVE i at alle føreslegne endringar skal tre i kraft 1.januar 2019.

Mvh Sunnfjord Energi Nett



Arild Fleten

-Nettsjef-



Bjarte Kapstad

-Sivilingeniør-

